


Stig Børsheim sin Olav H. Hauge-CD er i salg.

21.03.2016



Musikken til Stig Børsheim og dikta til Olav H. Hauge har resultatert i ein svært vakker CD.(Utsnitt frå plakaten).

Vi har tidlegare skrive om at den utflytta uskedelingen Stig Børsheim har laga musikk til dikt av Olav H. Hauge. No har han spela 9 av desse songane på CD, og frå i dag er den i salg m.a. på SPAR Uskedalen og 3 andre stader i Kvinnherad. Sist laurdag var det lanseringskonsert på Hauge-senteret i Ulvik i samband med Verdás poesidag.



Flott konsert i Ulvik på laurdag. F.v. Kai Roger Gjestemoen, Stig og Nina Børsheim.

Lanseringskonserten var på Den grønne kafè i underetasjen på Hauge-senteret laurdag kveld. På plakaten kunne ein mellom anna lesa: 'I høve Verdås poesidag vert det urframføring av ny musikk til Olav H. Hauge. Du kan oppleve 'Det er den draumen' og 'Kirsebærtreet'. Bodil Cappelen har òg funne eit nytt Hauge-dikt'. Bodil Cappelen er enkja etter den store dikteren, og Stig Børsheim har samarbeidd nær med henne i prosjektet. Det nye diktet er etter det eg kjenner 'I cella' som har ein svært sterk tekst.

Musikken til Børsheim kler dikta svært godt, og med den gode mannsrøysta si gjev han, saman med dyktige musikarar, lyttarane ei svært fin oppleving. Instrumenteringa er rik og svært velfungerande. Teksthefte med dikta og oversikt over muskarane på innspelinga ligg ved CDen.

CDen har fått tittelen 'Nokre fåe songar', og den bør absolutt høyra med i samlinga til dei mange som likar Olav H. Hauge sine dikt. Eg trur også at endå fleire vil få augo opp for det vakre i Hauge sin poesi ved å lytta til 'Nokre fåe songar'. Den er no i salg på Rosendal Bokhandel, Galleri G Guddal og Kvinnherad Libris på Husnes, i tillegg til på SparUskedalen.

Lanseringskonserten Hugesenteret laurdag vart svært godt motteken. Publikum hørde for ein stor del til Venelaget for Hauge, og elles folk som set denne diktarhovdingen frå Ulvik svært høgt. Derfor var det nok ekstra kjekt med alle dei gode tilbakemeldingane. Det var ein akustisk konsert. Stig sjølv sang og spela gitar. Dessutan hadde han med seg Kai Roger Gjestemoen på gitar og søstera Nina Børsheim på koring.



[Haugesenteret i Ulvik.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Lars Wang